

INFORMASJON

HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 4

DESEMBER 2020

78. ÅRGANG



God jul!



DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf.: 57 82 81 80
www.sunnfjordkyrkja.no
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 15
Prost: Knut Magne Nesse
Prostiprest: Runar Matsui-Li
Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen
Ungdomsprest: Carsten Langeland
Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad
Diakon/frivilligkoordinator:
Inger Cesilie Fitje
Kyrkjeseekretær: Kari Skullerud Holsen og
Toril Øye (Førde og Jølster)
Kyrkjevevjerje: Inger Hageberg Øvrebø
Assisterande kyrkjevevjerje:
Trond Herløvsund
Kantor: Gro Gunnarson og
Asbjørn Flåm
Kateket: Heidi V. Styve
Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og
Gry Sætre

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,
postboks 90, 6806 Naustdal
Tlf.: 57 82 81 80
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.
Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.
Sokneprest: Rigmor Frøyen
Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland
Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland
Kantor: Erlend Os
Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

FØRDE KYRKJE

Kyrkjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:
Terje Sæle

HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen
Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:
Leonard Subrescu

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Leonard
Subrescu (Førde og Naustdal) og Mette-
Elin Standal Sæther

– Kyrkjevevjerja –

Nytt frå redaksjonen

Korleis blir jula i år, lurar vi på

Kan alle som vil gå i kyrkja i jula? Blir det julegospel i kyrkja, eller juletreffestiar i grenedene? Når bladet går i trykken, er det aukande smitte. Vi veit no at juletreffesten som Søndagsskulen og Normisjon har brukt å ha på Førde bedehus, er avlyst, men julafta på Førde kyrkjetun blir gjennomført slik det ser ut no.

Mange av dei store konsertturneane er avlyst, men sjå bak i bladet på lista over konsertar; det blir noko å velje mellom! Hugs å vere ute i god tid både til gudstenester og konsertar, for alle som møter må registrere seg, og det tar tid.

Uansett kva som skjer dei neste vekene, blir det ei annleis jul. Vi må rekne med at mange kjem til å vere aleine denne jula,

og det kan vere utfordrande. Å feire jul på Førde kyrkjetun er eit godt alternativ; sjå invitasjon i bladet. Kanskje du har høve til å vere frivillig, og lage til julehøgtid for andre?

Vi har prøvd å få informasjonen i bladet så oppdatert som råd, men følg med på heimesida, eller kontakt kyrkjekontora om situasjonen endrar seg.

Redaksjonen håper alle finn noko interessant å lese i dette nummeret. Vi skulle gjerne hatt eit enda fyldigare blad, men som vi har nemnt tidlegare, er økonomien for stram til at vi kan tillate oss å ha fleire sider. Vi tillet oss å minne om at det ikkje for seint å betale bladpengar!

God adventstid, og god jul til alle lesarar!

HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@enivest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

Adresse:

Helg og Heim,
Kyrkjevegen 23 F, 6809 Førde

Redaksjon:

Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler

Grafisk utforming:

Firda Tidend, Sandane

Trykk:

Husabø Prenteverk, Leikanger

Utgivingsplan for 2021

Nr. 1. Stoffrist:	Nr. 2. Stoffrist:	Nr. 3. Stoffrist:	Nr. 4. Stoffrist:
Onsdag 10.02.	Onsdag 21.04.	Onsdag 11.08.	Onsdag 28.10.
I posten veke 12	I posten veke 22	I posten veke 37	I posten veke 48
(Det kan komme endringar.)			

Hugs bladpengar!

**Frivillig bladkontingent
kr. 275,-**

**Bankkonto:
3705.15.33896**

Merk innbetaling
med «Helg og Heim».

VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»



Framsidedfoto: Ane Thune-Myklebust og Ida Leknes Årdal (foran) studerer den vakre julekrybba i Førde kyrkje. Foto: Hanne Schnitler.

ANDAKT

Ved KNUT MAGNE NESSE, prosten i Sunnfjord

«Der det er hjarterom, der er det husrom!»

I dei dagane let statsminister Erna Solberg lysa ut at det skulle takast manntal over alle dei som kjem til kyrkje for å feire jul.

Dette var første gongen dei tok manntal i kyrkja, og det hende det året vi vart ein del av Vestland fylke. Dette året vart det ikkje til at kvar og ein for heim til si eiga bygd og grend grunna viruset dei kalla Covid-19. Men Solveig og Kjell, dei for heim til bygda. Solveig venta då barn. Då julekvelden kom, ville dei til kyrkje. Dei gjekk opp bakkane til kyrkja, klokkene kima og stjernene glitra på himmelen. Ute var det hustrig og kaldt, men dei gjekk. Då dei endeleg kom fram til kyrkja, stod kyrkjetenaren og soknerådsleiararen i døra og ynskte dei God jul. Så såg dei på kvarandre, slo ut med armane og sa til dei: **Her er ikkje rom for dykk nokon stad, vi kan berre ta inn 73 menneske i denne kyrkja grunna smittevernsrestriksjonane som gjeld, så de må vere så greie å komme att ein annan gong!**

Det er få gonger kjensla av å høyre til i eit fellesskap er viktigare enn ved jul. Det kjem til uttrykk i dei mange tradisjonane vi har: Vi pyntar juletre, vi lagar til den same maten og syng dei same songane. Familiene samlast, vi ringer, tekstas og sender jule-

helsingar til vener og kjende. Somme tek den årlege turen ned til naboen i svingen med nokre nybaka julekaker og ei julestjerne. Dei utflytta ungdomane er heime og møtast til lått og løye. Mange tar eit bilete som dei postar på sosiale medium med ro, fred, fellesskap og glede. Dette året vert mange ting annleis, men vi skal framleis feire jul. Vi treng å kome saman, feire jul, syng julesongar, kjenne på fellesskapet i kyrkje, bygd og familie. Ta turen til kyrkje i år! Somme stader lyt du melde deg på – men det klarar du fint!

Kan hende kan du i år fare til kyrkje på juledag i staden.

Kan hende lyt du velje ei gudsteneste i staden for ein konsert.

Kan hende lyt du i år lese juleevangeliet heime fordi du ikkje vågar deg til kyrkje på julekvelden.

Biletet av Josef og Maria på leit etter ein kvilestad i Betlehem er vel kjend. Vi les at Maria måtte legge det nyfødde barnet i ei krybbe, fordi det ikkje var husrom for dei. Englebodet om barnet som var fødd, gjekk til gjetarane, dei som låg ute om natta – langt frå bygda og heimen. Til dei kom bodet om ei stor glede: **«I dag er det fødd ein frelsar i Davids by, han er Messias Herren!»** Meir enn nokon gong vert det i



år viktig å tenkje på dei det ikkje er husrom for. Vi har eit ordtak som heiter: **«Der det er hjarterom, der er det husrom!»** Det vert som oftast brukt under hendingar der ein stuar saman meir folk enn det eigentleg er plass til. Men i meir overført tyding så handlar det om at fordi ein har eit sterkt ønske om at alle skal med, så ryddar ein eit rom ekstra, utvidar selskapet, stuar saman, smørjer meir mat og tenner fleire ljøs. I år kan vi ikkje syne hjarterom på den måten, men vi må ta vare på kvarandre. Det er viktigare enn nokon gong før.


Idet Solveig og Kjell fekk høyre at det var fullt og at dei måtte komme att ein annan gong, så kom kyrkjenaboen ungkars-Ola opp på kyrkjetrappa i finskjorta. Han rista på hovudet og så sa han: De kan komme inn til meg om de vil. Ikkje har eg juletre og stova mi er ikkje så fin, men der er godt og varmt. Kaffi kan eg koke og smultringar har eg kjøpt. Kan hende tok han fram munnspellet og spelte nokre strofer frå **«Det lyser i stille grender»** før kaffien var oppdruken, og gudstenesta i kyrkja var slutt.



Julekveld 2020 Velkomen til julefeiring på Førde Kyrkjetun!



Julafesta 2019 var det trengsel rundt julenissene. Slik blir det ikkje i år.



Kyrkjetunet blir vakkart pynta på julafesta.

Det er fint å vere saman med andre julekvelden, og vi inviterer også i år til fellesskap på Førde Kyrkjetun. Særleg dei som ikkje har ikkje har så mange nære her.

Det er framleis avgrensingar på kor mange som kan vere saman, og vi har såleis færre plassar enn tidlegare. Det er difor ekstra viktig å vere tidleg ute med påmelding i år! Smittevernreglane vert følgde. Det vert servert tradisjonell norsk julemat, vi syng julesongar og har nokre fine timar saman.

Julefeiringa startar klokka 17.00 og sluttar omlag kl 20.00. Det kostar ikkje noko å vere med på arrangementet.

Dette er eit arrangement i regi av Den Norske Kyrkja og Friskliv og frivilligsenteret i Sunnfjord kommune.

Frivillig på julefeiringa

Kvar julafesta sidan 2007 har det vore mogleg å feire jul på Førde kyrkjetun. Fleire har gjort det til sin faste juletradisjon.

Å komme til ferdig pynta lokale, få servert god julemiddag og syngje dei kjende julesongane i lag med andre er kjekt. Mange frivillige er med og serverar, har programinnslag eller vaskar opp. Fleire frivillige har vore med i mange år. Nokre vekslar annakvart år mellom å vere med familie og vere frivillig på kyrkjetunet.

Har du lyst å delta på julefeiringa i Førde kyrkjehus?

Påmelding med namn og telefonnummer innan 15. desember til:

Friskliv- og frivilligsenter:


Telefon: 476 88 025

E-post:

frisklivogfrivillig@sunnfjord.kommune.no

Har DU lyst til å vere frivillig i år?

Kontakt Ingvar Vagstad tlf. 911 38 732, eller Førde kyrkjekontor tlf. 57 82 81 80.



ARKI
ARKITEKTAR

Hafstadgården
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Nettside: arki.no



EXTRA

NAUSTDAL



Best

NAUSTDAL



Velkomen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Måndag 11-17


Tys., ons., fre., laurdag . . . 11-15

Torsdag 11-18

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPLASS MISJON

Julehøgtid i kyrkjene



Kva gjer vi når vi ikkje kan samle alle i kyrkjene våre i jula? Påmelding og digital overføring blir løysinga.

Tekst: INGVALD ANDERSEN FRØYEN, sokneprest i Førde, Holsen og Haukedalen og RIGMOR FRØYEN, sokneprest i Naustdal.

Om ikkje anna vert meld, så vert gudstenestene i jula slik det står i gudstenestelista bak i bladet. Dette er sjølv sagt avhengig av korleis situasjonen er med Corona-smitte i vårt nærrområde når jula nærmar seg.

Det som vert heilt spesielt i år er at det for gudstenestene på julaftan vert påmelding. Det vert ikkje plass til alle, og difor

vert det nokre stader ekstra gudsteneste (sjå lista), men i Førde har ein allereie tre gudstener, så her vert det ikkje noko ekstra.

Påmelding i Førde/Holsen og Haukedalen:

Påmeldinga gjeld gudstenestane julaftan i Førde, Holsen og Haukedalen. Det kjem informasjon seinare om korleis ein melder seg på. Det blir ei digital løysing og påmelding på telefon. Det vert og påmelding til 1. juledag i Førde og 2. juledag i Holsen.

Følg med på heimesida vår www.kyrkja.no/forde og i Firda.

Vi vil forsøke å strøyme ei av gudsteneane frå Førde kyrkje julaftan slik at dei som ikkje får plass likevel kan fylgje med på ei lokal gudsteneste.

Påmelding i Naustdal og Vevring:

Vi vil ha digital påmelding til julaftan i Naustdal, meir informasjon kjem når denne løysinga er på plass. Følg med på heimesida www.kyrkja.no/naustdal og i Firda Dei som ikkje brukar digital påmelding kan melde/ringe Jenny Snildal tlf. 992 79 955, frå 14. desember. Det gjeld dei to gudsteneane julafta.

Vevring: Her vert det ikkje digital påmelding, men påmelding direkte til Veronica Standal tlf 911 71 782 eller epost: verostan.online.no frå 14. desember

Ellers oppmodar vi fleire til å gjerne velje 1. juledag som kyrkjedag i Naustdal. Då er det mindre press på plassar. Merk at i år er det ikkje gudsteneste 2. juledag i Vevring.

Brukt til jul?

Vi må få ned forbruket vårt, blir det sagt. Vårt høge forbruk har for mange negative konsekvenser for miljøet. Går det då an å kjøpe brukt til jul?

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Eg tar turen til NMS Gjenbruk med spørsmålet mitt. Der står Jogeir Bruflot Slettevold med hendene fulle av koppar og glas.

– Joda, eg har kjøpt brukte julegaver før, og gjer det gjerne igjen. Ingen har klaga på gåvene eg har gitt dei, seier han med eit smil.

– *Er det noko her i butikken du kunne ynskt deg til jul?*

– Ja, fleire slike glas og krus frå 70-talet, sier han og viser fram det han har i hendene. – Dei minner meg om bestemora mi! Og bøker, eg ser alltid etter



Anna Kristine Sjøfjell håper å finne kjole til jul.

gode bøker når eg er her på Gjenbruken, seier han før han går til kassa for å betale.

På Førde bedehus er det «Kle for ein tiar» denne dagen. Fem damer har leigd bedehuset, skaffa mengder av brukte kle til vaksne og born, baka kaker og invitert til gjenbrukssal.

Eg spør to av dei, Sølvi Grøsvik Urnes og Randi Flo, om

kor lenge dei har halde på:

– Dette er niande gongen, seier Sølvi.

– Vi prøver å ha det fire gonger i året, men i vår måtte vi jo kutte det ut. Og folk kjem, både for å drikke kaffi og sjå på kle. Barnekle er populært. Men eg undrar på om nokon vil kjøpe brukte kle til fest? Anna Kristine Sjøfjell ser på kjolar.



Jogeir Bruflot Slettevold har funne «bestemorglas» og ynskjer seg fleire til jul.

– Ja, eg kjøper gjerne brukte festkle, og kle til dagleg bruk og, svarar ho.

– Eg er veldig glad i kjolar frå 50-, 60- og 70-talet, dei er så fine!

Ho har funne fleire plagg, og kanskje blir jula feira i brukte kle; like fine, og kanskje med ei historie bak.

Gry og Eirik:

– Det skal vere rom og tilrettelegging for absolutt alle i kyrkja vår!



Eirik Dale og Gry Sætre i sofaen heime i Førde.

Sunnmøringen Gry Sætre og Eirik Dahl frå Eidsvoll kom til Førde i 1993 og er kjende fjes for mange som har vore i kyrkja, hatt born på Solvang barnehage, i søndagsskulen, høyrte på korsong med t.d. Kammerkoret, Kor Førde og Song i Fjordane.

Tekst og foto: REIDAR EIDE

– Vi budde i Bodø, og fekk beskjed om at det stod ledige jobbar og venta på oss på Sunnfjord folkehøgskule. Vi søkte og tok til som pedagogisk leiar i Solvang barnehage og lærar på folkehøgskulen.

Vi hadde då nettopp fått vite at dotter vår, Borghild, hadde ein alvorleg hjerneska-de. Det var difor avgjerande viktig for oss at

her var eit sjukehus. Her i Førde har vi for-
resten fått ei fantastisk oppfølging både frå
barneavdelinga og helse- og sosialtilbodet i
kommunen. Det er vi svært takksame for!

Borna er ofte inngangsporten for foreldre sine engasjement i barne og ungdomsarbeid. Slik har det vore for Gry og Eirik også. Gry har vore søndagsskulelærar sidan 90-talet og fram til nyleg. Eirik fylgde sonen sin i «Gutteklubben», som medleiar i eit arbeid der kroppsleg aktivitet stod sentralt, og som foreldre til eit barn med funksjonshemming har det vore mange engasjement i NFU, «Norsk forbund for utviklingshemmede», både i lokallagsstyre, fylkesstyre og landsstyre.

Med heile seg

– *Kva har vore drivkrafta for at de har brukt så mykje tid på arbeid for born og unge både i kyrkjelyden og elles?*

– Far min var søndagsskulelærar i 50 år, og eg har mange gode minne og opplevingar frå barneåra, seier Gry. Det har nok vore motivasjon til å vere med sjølv. Som vaksen ser eg kor viktig det er at borna får oppleve med heile seg, - synge, leike, sjå og lytte. Her på Solvang søndagsskule har vi heile tida kunne la borna boltre seg i gymsalen. Eg har også sett stor pris på det sosiale treffpunktet med foreldra som har fylgt borna sine. I år er eg besta som føl barnebarnet mitt på søndagsskulen. Eg er heldig som har fått vere med på dette!

Alle skal trivast i kyrkja vår

Eirik fortel at han gjennom ulike tillitsverv i NFU, har fått ein ståstad og eit sterkt engasjement for at alle skal møte eit inkluderande og tilgjengeleg samfunn.

– Dette var også ein sterk motivasjon for meg då eg var i soknerådet. Alle skal trivast

i kyrkja vår, - born og vaksne, - med ulike legningar, - med fysiske og psykiske utfordringar.

Bispedømmet har hatt eit prosjekt i kyrkja med tilrettelegging for utviklingshemma. Etter desse samlingane skjedde det ein god del tiltak, mellom anna galdt det å gjere altarringen tilgjengeleg for alle, for dåp og konfirmasjon, og det var pårørandesamlingar. Vi hadde besøk frå Tyskland, - ein representant for den Europeiske downsyndromforeininga. Ho var imponert over dette kurset her i Førde! Sjølve opplever vi at vår dotter; Borghild, kjenner seg heime i kyrkja. Når nokon hjelper til slik at vi t.d. kjem oss fram til altarringen, frydar ho seg, - og det gjer forresten vi også!

Ny jobb etter 25 år i Solvang barnehage

Det er ikkje berre i fritida at Gry og Eirik har barn og ungdom i fokus. Etter 25 år i barnehage, begynte Gry i jobben som kyrkjelydspedagog. Der fordeler ho tida si som vaksenleiar i Deciding, Spiren, konfirmantarbeid og andre trusoppplæringstiltak.

– Eg gleder meg til kvar ein dag i barnehagen, men eg følte at det no var tid for å bruke meg sjølv til noko anna. Eg kjenner på at arbeidet mellom dei unge er svært meningsfullt, - og gjevande for meg også!



– Kva er vel meir inkluderande enn å gå rundt juletreet, halde kvarandre i hendene, og synge saman? Privat foto.



Ein onsdag ettermiddag i slutten av oktober: Gry sjekkar frammetelista for dei som er med i Konfirmant-aktiv for dei legg ut på orienteringsløp og seinare samling i gymsalen på Sunnfjord folkehøgskule.

Eirik er utdanna spesialpedagog og no rådgjevar for tilpassa opplæring på Mo og Øyrane vidaregåande skule på tiande året.

– Vi er heldige som får arbeide med det vi brenn for! seier Eirik. I alt arbeid med å gje barn og unge mulegheit til å utvikle seg som glade og trygge menneske, gjeld det å hente ut den «inkluderingskompetansen» som finst blant medelevar, blant venene i konfirmantflokkjen, i songkoret. Dette brenn vi verkeleg for!

Favoritten til Borghild

No nærmar det seg jul, - og kva er vel meir inkluderande enn å gå rundt juletreet, halde kvarandre i hendene og synge saman?

– Å gå rundt juletreet syns både eg og Borghild er «en høydare», smiler Eirik.

– Bevegelse, musikk, vere fysisk med. Det er favorittaktiviteten til Borghild! No i «Coronatida» må familiane ta opp att den gamle tradisjonen med å gå rundt juletreet i heimane. Vi treng å halde kvarandre meir i hendene, og innan familien er det lov!

Lyset til verda

Vi gler oss til jula som for oss er forankra i den kristne trua vi har. Sist jul var vi samla tolv store og små hos oss. I fleire år har vi hatt som tradisjon å hogge julegrana sjølve. I år har eg ein avtale om å ta med barnebarnet på fem år på juletrehogst. Dei siste

”

– Vi sansar jula, - luktene, tonane, julebodskapen om Jesus som vart fødd inn i vår verd.

åra har han sett stor pris på å vere med å pynte treet på vesle julaftan. Juletrengangen må vere med. «Så går vi rundt om en enebærbusk», «Glade jul», «O jul med din glede», «Det lyser i stille grender». Vi syng dei versa vi kan. Vi sansar jula, - luktene, tonane, julebodskapen om Jesus som vart fødd inn i vår verd. Forteljinga frå Lukas i det Nye testamentet er heilt fantastisk. Vi har ein CD med Gloria av John Rutter, som skildrar juleevangeliet i ord og tonar, - ein fantastisk versjon av det som skjedde på Betlehemsmarkene for over 2000 år sidan.

Jula er i den mørkaste tida av året. Vi feirar Jesus som kom med lyset til verda.

Prosteinnsetjing i Sunnfjord



Sundag 20. september vart prost Reidar Knapstad (t.v.) takka av med festgudsteneste og kyrkjekaffi i Førde kyrkje. Samtidig vart Knut Magne Nesse (t.h.) ønskt velkommen som ny prost. Her flankerer dei biskop Halvor Nordhaug som sjølvsagt var på plass.

Sundag 20. september vart ein stor dag markert i Førde kyrkje. Biskop Halvor Nordhaug var til stades saman med representantar frå alle sokna i Sunnfjord prosti og andre inviterte til ei festgudsteneste og påfylgjande kyrkjekaffi.

Vi var samla for å takke av prost Reidar Knapstad for lang og trufast teneste som prost i Sunnfjord, og for å ynskje velkommen Knut Magne Nesse som vår nye prost.

Gudstenesta vart lyfta opp av flott korskong og musikk frå Førde Kyrkjekor og kantor Gro Gunnarson, og med ei sær s songfør forsamling vart det verkeleg ei feiring av takksemd og glede.


Knut Magne skal halde fram med å bu i Florø, og Reidar vil framleis gjere teneste som vikarprest i Sunnfjord. Vi takkar Reidar Knapstad, og ynskjer Knut Magne Nesse velkommen.

*Ingvald Andersen Froyen
Sokneprest i Førde,
Holsen og Haukedalen*

Håjen tilbyr levering av mat til selskap, samt selskapslokale med servering, på Slettehaug i Naustdal.

Sjå vår heimeside:
www.haajen.no

Tlf. 57 81 82 60

 Følg oss på Facebook:
Håjen Kafé



Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



Roger Pettersen A/S

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR
6810 Førde - tlf. 907 32 380

Ver med og støtt Kamam Folk High School på Sri Lanka!

Sunnfjord Folkehøgskule var i 2014 med på å starte opp ein folkehøgskule på Sri Lanka etter modell frå norske folkehøgskular, men tilpassa lokale behov. Førde kyrkjelyd støtter opp om skulen.

Tekst og foto: ARNE HÅBERG,
assisterande rektor, Sunnfjord Folkehøgskule

Sri Lanka har vore gjennom meir enn 25 år med borgarkrig. Behovet for å skape ein stad der ungdom kan møtast er stor.

Under krigen var deler av landet avstengde, og folk kunne ikkje møtast. Fiendskap mellom folkegruppene eksisterer framleis, slikt tek generasjonar å kome over. Alle som er unge på Sri Lanka har lite røynsle med korleis ein kan leve saman i respekt, og heile samfunnet må lære dette på nytt dersom dei skal igjen bli ein felles nasjon. YMCA på Sri Lanka meiner at folkehøgskule er ein god reiskap i dette arbeidet, difor bad ei oss om å vere med i oppstarten av skulen.

Strandrydding

På Kamam kan ungdommar vere saman og lære engelsk – som er det einaste språket alle på Sri Lanka kan forstå, og dei kan lære om likestilling, kommunikasjon og praktiske fag.

Dei to siste åra har mange av våre elevar fått høve til å reise til Sri Lanka for å møte ungdommane på Kamam. Det har vore ein



Ungdommar på same alder, same stad i livet, men dei bar heilt ulike kvardag og ulike opplevingar med seg.

kombinasjon av å møtast gjennom kulturinnslag, idrett og aktivitetar, og det har også vore arrangert felles strandryddeaksjon.

Det er naturleg for vår skule å vere med så langt vi kan å støtte Kamam økonomisk. Til dette arbeidet treng vi støtte også frå andre!

Viktig gåve

Kostnadene per semester (16 veker) for ein elev på skulen er kr. 7 000,-. Di gåve er med på å sikre ein stabil kvardag for både tilsette og elevar. Dei fleste elevane på Kamam kan ikkje sjølv betale for skulegangen og er avhengige av å søkje skulen sitt gratisstipend. Dette kan vi vere med å støtte!

Vil du vere med og støtte Kamam, så kan du bruke desse måtane:

Kontonummer for Kamam-prosjektet:
3705 09 47778

VIPPS-konto for Kamam-prosjektet:
#89841



Elevar på Kamam underheld når Sunnfjord-elevane besøker skulen.



Strendene på Sri Lanka er uendelige, men dei slit med stor forsøpling dei og. Felles strandrydding er ein god aktivitet både for dei og oss.



Øving med songglede! Frå venstre Amalie Gjelsvik Råbeim, Sigrid Botnen, Eiril Øvrebo Erdal, Leah Skilbrei og Ingrid Lavik Gilleshammer.

Kantor Gro fortel om julekrybba

Korskulen og julekrybba

Kvar tirsdag myldrar det av barn i Førde kyrkje. Det er dagen for korøving.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Først kjem Knøttekoret med song og lek. Så kjem aspirantkoret. Dei skal øve på songane til Luciakonserten tidleg om morgonen 13. desember. Utover ettermiddagen følger dei andre kora etter tur. Kantor Gro

har styringen på alle sammen.

Denne dagen fekk songarane sjå den flotte julekrybba som skal stå i framme i koret heile jula. Dei flokka seg rundt den. – Så fin den er! Så ber Gro dei

om å legge seg på golvet og sjå opp i taket i koret. Oj, det er jo stjerner der!

– Er det Jesus som både er i krybba og på korset? Er han i himmelen og? Det er mykje og undrast over i kyrkja.

Mi kyrkjebok utdelt til fire-åringar i Naustdal

18. oktober var ein flott gjeng med 4-åringar møtt opp i kyrkja i Naustdal for å få boka Mi kyrkjebok.

Tekst: JENNY Ø. SNILDAL Foto: INGUNN VASSBOTTEN

Framme i kyrkja låg ein stabel med bøker og venta på å bli utdelt. Ventetida kunne nok bli litt lang, for det var fleire ting som skulle skje før vi kom så langt. Eit lite barn skulle døypast og songar skulle syngast. På fleire av songane deltok 4-åringane med stor iver. Dagen før var dei med på ei samling der det vart øvd på både song og rørsler.

Endeleg kom det til bokutdeling. Spent venta dei på at akkurat deira namn skulle bli lest opp og dei kunne kome fram og ta i mot bok.



Frå venstre: Tora Leknes Kalland, Aksel Øvrebustad, Oliver Leknes Kalland, Luka Mandelid Gauksrud Horstad, Jakob Birkeland Thomsen, Emilie Iversen Snildal og Oliver Vassbotten Vonen

Mykje smakfullt på misjonsmessa i Førde

Det Norske Misjonsselskap si tradisjonsrike misjonsmesse på Førde kyrkjetun vart avvikla i år òg, men utan barnekor og talar. Men årsal vart det.

Alle måtte innskrivast ved ankomst, og stolane rundt kafeborda var plassert i god avstand. Det vart jamnt sig av folk som hadde tatt vegen både frå Haukedalen og frå Vevring, og det var tydeleg at mange sette pris på å møtast.

Det var ekstra mykje fint å få kjøpt denne gongen. Kanskje har koronatida gitt fleire høve til dyrke skapargleda.

Det kom inn i overkant av kr. 70 000,-, ein liten nedgang frå året før. Overskotet går til fleire av dei prosjekta som kyrkjelydane våre støttar og har eit nært forhold til.



Messekomiteen Ingen tvil om at Johann Magerøy tar smittevern på alvor!



Årsal med ny vri! Kjersti Veiteberg Eide leitar etter vinnarloddet på eingongs papirårar.

Populær basardag i Naustdal kyrkjelydshus

Basar på kyrkjelydshuset i Naustdal har vore ei årvisshending, og noko mange ser fram til. Mange er dei som sit rundt i bygda og syr, strikkar og heklar flotte gevinstar til basaren.

Sjølve basardagen plar folk møte opp for å kjøpe kaffi og kaker,

lodd på årsal, og vere til stades under det store høgdepunktet, trekking av hovudlotteriet. Slik har det vore i mange år, men ikkje i år. Dette året er det meste annleis, så og med basaren.

Inntekta av ein slik basar er viktig for kyrkjelydshuset, så i staden for basar vart det lotteri. Gevinstane var like flotte som tidlegare, dokke med dokkele

og dokkevogn, løparar i hardangersaum, heimestrikka jakker og genserar for å nemne noko.

I byrjinga av oktober var det trekking. Folk frå styret, lodd-seljarar og nokre av dei som har sytt føre gevinstar var til stades for å sjå til at alt gjekk riktig føre seg.

Heilt fram til dagen for trekking kom det inn flotte gevinst-

ar. I tillegg til hovudgevinstane vart det trekt 26 andre gevinstar. Vinnarane er kontakta.

Ivrigge lodd-seljarar greidde å få inn heile kr. 31 150,- til inntekt for Naustdal kyrkjelydshus.

Stor takk til alle som har selt lodd, kjøpt lodd og ikkje minst, alle som har laga og gitt gevinstar til lotteriet!

Styret

RIKKEN

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
TRYKK

BELLIS BLOMSTER

ALTI Førde | 57820722 | www.bellisblomst.no

Her kan du annonsere
i Helg og Heim!

Kontakt 47170011
arne.kleiva@gmail.com

Gode tilbud på flis, beleggstein,
ferdigplen, støttemur, kvit singel.
Vi kan flislegging!

Boligkompaniet
www.brufli.no tlf. 90 61 96 54

Reiakvam

- Din fotograf i Førde sidan 1946
57 82 19 77 / foto@reiakvam.no
reiakvam.no



Olefine
Conditori

Alltid ferske kaker, brød, bollar m.m.
Tlf. 57 72 41 40 - 6800 Førde

Stavkyrkja på Vie

Då dei fyrste kyrkjene vart reist på Vestlandet, vart dei fleste bygd i tre etter lokal tradisjon. På ei solrik flate på Vie veit vi at det sto ei lita stavkyrkje.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Gravrøyser og jernalderfunn

Dei som har brukt karonatida til trimturar, har kanskje gått vegen over Vie mot Soleide og sett gravrøysene på bøen på garden Løland. Ved eit steingjerde er det sett opp ei informasjonstavle som fortel om gravfeltet og om busetnaden på storgarden Vie. Ein meiner det har vore 60 gravrøyser i dette området. Feltet er eitt av dei tre største gravfelte på Nordvestlandet og datert til eldre jernalder mellom 500 f. Kr – 400 e. Kr.

Når ein ser dei store grønne flatene danna av morenemassar frå istida, er det lett å sjå at dette var ein attraktiv stad å busette seg.

På informasjonstavla står òg informasjon om storgarden Vie - «den gamle sentralgarden i Førde». Garden strakk seg frå Bergavatnet i søraust til elva Anga i nord. Tavla fortel at det sto ei lita stavkyrkje på Vie i mellomalderen.

Kva for ein gard var dette, med eiga kyrkje?

Garden Vie omfatta heile område frå Anga, via flatene ved Sentralsjukehuset heilt inn til Soleide. I følgje tavla viser utgravingar spor etter hus, kokegropar og åkrar datert til slutten av yngre steinalder og viser busetnad over lang tid.

I 2013 vart det gjort utgravingar på oppsida av Vievegen. Då fann arkeologar spor etter det dei meiner er ein gildehall frå vikingtida. Avisa Firda hadde omtale av funnet og intervju med arkeolog Asle Bruen Olsen frå Bergen Museum. Han fortel at huset var 9 x 22 meter langt, med eit stort rom. Spesielt breidda på huset er mykje meir enn det ein har sett andre stader, og det tyder på at det var ein gildehall.



Informasjonstavla viser gravfelt, gardsanlegg og kyrkjestad på Vie.

Utanfor husveggane fann dei fleire store, steinsatte kokegropar.

– Desse gropene er store nok til å steike heile dyr i. Her har det nok vore laga mat til store lag, meiner arkeologen.

– Og det er fleire ting som kan tyde på at her budde ein høvding. Hallen er knytt til den eldste og største historiske garden i Førde, etter andre funn i området å dømme. Dessutan veit vi at på nedsida av vegen, ikkje langt frå hallen, stod ei kyrkje i mellomalderen. Dei tidlegaste kyrkjene vart bygde av stormenn eller høvdingar i nærleiken av gardane deira. Det var eit maktsymbol, til liks med gildehallen, seier Bruen Olsen til Firda.

I ein rapport frå utgravinga, heiter det at undersøkingane har gitt «eit større overregionalt perspektiv med eit meir nyansert bilde av forhistoriske gardsbosettingar med arkitektur, økonomiske- og politiske dimensjonar...» Ifølgje rapporten har hallen hatt minst to bruksfasar. Den kan ha vore revet eller brent og bygd opp att større og med endra konstruksjon. Dei eldste spora er frå slutten av 500-talet, nokre stolpehol er datert til vikingtida (800-1030 e.kr.) og andre til overgangen til mellomalderen.

I følge rapporten viser funna at det vart dyrka bygg, kveite, humle og hamp på garden. I tillegg har det vore slåtte- og

beitemark. Humle er knytt til ølbrygging, og hamp kunne nyttast til tekstil. Tidligere meinte man at hamp blei brukt til grove tekstiler som tau og reip i vikingtid/middelalder. Men nyare funn tyder på at hamp òg blei brukt til å lage finare tekstiler, og at hampfrø blei brukt til å lage olje.

Capellan a Viðin

Ei einaste skriftleg kjelde stadfestar at det låg ei kyrkje på garden Vie. Den finn vi i jordeboka Bergen kalvskinn. Boka er eit register over gardar som var i kyrkjeleg eige i Bjørgvin bispedømme på 1300-talet. Bergen kalvskinn (norrønt Bjørgynjar kálfskinn) vart nedteikna 1350–60, og er med sine omlag 50 pergamentblad den eldste nokolunde fullstendige jordebok som er bevart frå mellomalderen. Gardsnamnet som blir brukt er **Viðin**, som truleg er todelte i tyding vid/vidstrakt og vin som tyder beiteland. Namnet tyder på at det er ein av dei opphavlege gardane i området. Presten i Førde og kyrkja eigde kvar sin part i garden. At kyrkja kallast kapell kan tyde på at det var ei høgendekyrkje, ei kyrkje som høyrde til ein storgard, men som og kunne nyttast som soknekyrkje.

I Riksantikvarens kildegjennomgang 2016; Middelalderske kirkesteder i Sogn og Fjordane, kan ein lese: «Ca. 1330 het det at presten ved Førde kirke tok Vie kapells

landskyld – kun tre småparter (BK 22a) – hvilket må bety at kapellet da ble betjent av Førdepresten.»


Kapellet sto på nedsida av vegen der funnet av gildehallen vart gjort, rett før ein kjem til garden til Sjur Wie, der det no er jule-treskog og Vie Andelslandbruk held til. Ein kan framleis sjå ei forhøga flate, og Sjur Wie bekreftar at den kallast Kyrkjebakkreina. Han fortel og at området kallast Torshaug. Han meiner det kan tyde på at det har vore ein offerplass eller ein kultplass her i før-kristen tid. Eit søk i stadnamregisteret gir ikkje noko svar, men kanskje er det andre som veit noko om det kan stemme?

Storetunet på Vie

Før 1912 var det 45 hus på garden Vie, som då var kalla Storetunet. Gardstunet besto av fleire bruk der husa låg i ei tett klynge. I 1912 vart det gjort ei større utskifting, og mange hus vart flytta. Gardstunet til Sjur Wie vart ståande att då dei andre husa vart flytta.

Korleis kan kyrkja ha sett ut?

I andre land var det pålegg om at kyrkjer skulle byggjast av stein. I Norge var det ikkje eit slikt pålegg, men stein var sett på som det beste byggjemateriale. Her i Sunnfjord var det oppført steinkyrkjer i Naustdal og på Kinn. Sidan steinkyrkjene var mykje meir tidkrevjande å fullføre, var tre mest nytta. Ein nytta då den byggeskikken som var vanleg lokalt, som var stavteknikken. Det vanlegaste var dei *einskipa stavkyrkjene*, kjenneteikna av at stavane som ber taket er plassert i ytterveggane som hjørnestavar. Kyrkjene er utan opphøgd midt-rom og sideskip, i motsetnad til dei langt meir staselege mastestavkyrkjene som vert rekna som mellomalderens typiske norske



Detaljkart frå Kulturminnesøk.no - «Vie kirkes-ted - Kyrkjebakkreina».



Kyrkjebakkreina på Vie. Stavkyrkja har truleg stått på flata i framgrunnen.

kyrkjebygning.

Både i Haukedalen, Holsen, Førde og Vevring sto det truleg stavkyrkjer der kyrkjene står i dag. På desse stadene har ein hatt ei samanhengande kyrkjehistorie frå 1100-1200-talet til i dag. Men kyrkja på Vie vart ikkje erstatta av noko nyare kyrkjebygg.

Vegen over Vie

I tidlegare tider gjekk ferdselsvegen gjennom garden Vie. Arne Aasland skildrar denne vegen i artikkelen «Vettreia – vintervegen frå Haukedalen til Førde» (Kulturhistorisk leksikon, Fylkesarkivet): «Vintervegar var dei første transportårene i innlands-Noreg. Med hest og slede kunne ein føre tyngrer lass på naturlege vegar over fjell, vatn og gjenfrosne elvar... Førde hadde ein slik veg frå Haukedalen til Sjøahola inst i Førdefjorden. Ut frå stadnamn, landskap og ein del fysiske minne kan vi rekonstruere vegen. Plassen Berget (*Soleide*) var ferjeplass og overnattingsstad for reisande. Der måtte ein på land for å unngå Brulandsfossen. Berget fekk i 1772 kongeleg løyve til å drive losji og styrke dei reisande med øl og brennevin. Skjenkestova og stallen frå denne tida står framleis.

Frå Berget fall vinterveg og sommarveg saman. Namnet *Klappeskaret* fortel om veg med klopper mellom Kletten og Viafjellet. Vegen gjekk så på bøane over Vie og passerte Anga på eit vad ved Smestad. Toene er igjen eit vegnamn, *toinu*, som fortel om naturleg vegline fram til garden Skei/Førde

og kyrkja, og vidare ned til hamn og sjøbuer i Sjøahola. Her kunne ein handle med folk som førte varer inn fjorden, truleg lenge før gjestgjevarar og handelsfolk slo seg ned der.

– Ein måtte rekne dagen kvar veg, og dermed ei overnatting. Av og til låg dei reisande verfast, til dømes på Berget når isen var umogeleg. Men vintervegen gjorde nytta i kanskje to tusen år.»

Arne Aasland fortel om to namn knytt til Vie: Skipedalen, eit gjenfylt dalsøkk ned mot Jølstra, og Skipevika. Han meiner det kan tyde på at elva var farbar heilt inn til Vie, og då blir det meining i at garden Vie var ein sentral plass.

Ei ukjent kyrkjehistorie

Vi veit ikkje korleis stavkyrkja på Vie såg ut, kva for funksjon ho hadde, eller kor lenge ho var i bruk. Det kan sjå ut til at ho var bygd for å symbolisere makt og posisjon for folket på storgarden på Vie. Men sidan ho låg ved ferdselsvegen har kyrkja òg truleg blitt nytta av dei som skulle den lange vegen til fjorden. Ein kan prøve å sjå for seg kyrkja der ho ligg med utsynet mot dei vide flatene mot Førde, med gildehallen og gardshusa omkring. Kyrkja var nok ei lita bygning, ikkje ulik dei enklaste stavkyrkjene som framleis står. Men ho må ha vore ein viktig og heilag stad for fastbuande og vegfarande.

Mange har bedt sine bønner opp gjennom tidene på denne historiske plassen.



BARNAS SIDE


Finn stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



Fargelegg

Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning:
Claudia Chiaravalotti

Finn 5 feil

Englar fortalde gjetarane at Frelseren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

**Bestill
abonnement**

på sondagsskolen.no
eller **22 08 77 00**



VITSAR

Ole var ikkje
verdas smartaste pilot.
Han flaug inn mot
Gardermoen og fekk
melding frå kontrolltårnet:
– Meld inn høgde og
posisjon!
– Eg er 178 centimeter
høg og sit heilt fremst
i flyet, svara han.

I Molboland
er det veldig
strenge trafikklover
når det gjeld sikker-
heitsbeltet:
Første gong du blir tatt
utan å ha på deg beltet,
får du 1000 kroner i bot.
Andre gong får du
2000 kroner i bot.
Tredje gong blir
sikkerheitsbeltet
inndrege.

AKTUELT I KYRKJELYDANE

Det blir tatt omsyn til koronasituasjonen ved alle arrangement. Følg med på heimesida www.sunnfjordkyrkja.no, facebooksidene til Førde kyrkje og Naustdal kyrkje, eller kontakt kyrkjekontora.

Opa kyrkje

Velkommen til opa kyrkje i Førde! Kvar onsdag er det rom for lystenning, stille og bøn frå kl. 10.00 – kl.13.00. I Naustdal er det for tida ikkje opa kyrkje.

Kyrkja i byen

Kvar onsdag frå kl. 14.00 – 16.00 sit ein person frå Førde kyrkjelyd på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!

10-kaffi

Ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, kvar onsdag frå kl. 10.00 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. 10-kaffien er eit samarbeid mellom Førde Frivillegsentral og Førde kyrkje.

Førde kyrkjekor

Førde kyrkjekor har øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Koret tek inn nye medlemmar! Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson. gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no.

Adventsmøte på Førde bedehus

29. november kl. 19.00

Første søndag i advent er det adventsmøte på Førde bedehus. Talar er sokneprest Ingvald Frøyen, og Førde kyrkjekor deltek.

Konsertar i førjulstida

Møt opp tidleg! Alle som deltek må bli registrert grunna koronareglane, og det avgrensa kor mange som kan vere tilstades.

FØRDE KYRKJE:

2. desember kl. 20.00

«Salmekveld i adventstida» med Førde kyrkjekor

13. desember kl. 08.00

«Luciakonsert» med Korskulen i Førde kyrkje. Billettsal på Førdehuset!

13. desember kl. 18.00

«Kyrkjelyden sin julekonsert» med avgrensa tal aktørar. Førde kyrkjekor, kantor Gro med fleire.

Laurdag 5. desember

kl 17.00 og på Vassenden kyrkesenter 6. desember kl 17.00

«Strålende sol» Adventskonsert med Førde kammerkor. Billetter kan kjøpast av kor-medlemmar i forkant, og ved inngongen.

21. desember kl. 18.30

«Julen i våre hjerter» Julekonsert med Tor Endresen og Anne-Sophie Endresen.

22. desember kl. 20.00

Julegospel med «Dei heimkomne» med fleire. Ope hus på Førde kyrkjetun etterpå.

NAUSTDAL KYRKJE:

Torsdag 3. desember kl. 20.00

«Jul med Kvitre» Kvinnekoret Kvitre inviterer til stemningsfull førjulsconcert.

Tysdag 8. desember kl. 18.00

Konsert ved «Julesong». Musikarane frå Sogndal kjem til Naustdal også i år.

Søndag 20. desember kl. 19.00

Førjulsconcert ved Naustdal songlag.

Gravminne finner du hos oss




FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde tlf. 57721060

HELLENES

AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL





Trusopplæring i Naustdal sokn

STØRST AV ALT

TILBOD TIL BORN OG UNGDOM

Spiren – Babysong på Naustdal kyrkje- lydshus

Eit tilbod for born i alderen 0-1 år saman med foreldre.

Song, musikk og rytmer for dei minste. Vi ynskjer at Spiren skal være ein god og trygg stad

å vere for store og små. Vi har gode matter som borna kan ligge på, men ta gjerne med eige teppe i tillegg.

Kl. 10.30 til 12.30. Program frå 11.00 – ca. kl. 11.30

Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi/frukt.

Datoar etter jul vert kunngjort på kyrkja si heimeside og på facebook.



Småbarnssong

Born i alderen 3-5 år er velkomne til to samlingar der vi syng songar med rørsle og leik. Vi avsluttar med **Syng i lag-gudsteneste 14. februar kl. 16.00**. Datoar for samlingane vert kunngjort på kyrkja si heimeside og på face-book.

Tårnagent

16. og 17. januar får 8-åringane lov å utforske kyrkja. Kva gøymer seg under kyrkjegol-

vet, og kva finnast oppe i tårnet? Invitasjon kjem i posten.

Leir i Vevring

13. og 14. mars er det leir i Vevring for born i alderen 11-13-år. Invitasjon kjem i posten.

«Bærekraftsboka» - FNs bærekraftsmål og kristen tru

Korleis kan ein lese desse bærekraftsmåla i lys av kristen tru? Det er tema i «Bærekraftsboka - FNs bærekraftsmål i lys av kristen tru».

FN har sett opp 17 bærekraftsmål: Utrydde fattigdom, utrydde svolt, god helse og god utdanning til alle, likestilling, reint vatn og rein energi til alle. Anstendig arbeid, innovasjon og infrastruktur, mindre ulikskap, bærekraftige byar og lokalsamfunn. Ansvarleg forbruk og produksjon, stoppe klimaendringane, liv under vatn og liv på land,

fred og rettferd, samarbeid om å nå måla. Dette er måla i kortform.

Kvart bærekraftsmål har fått to sider i boka: Ein utdjuping av målet, ein teologisk refleksjon, ei utfordring, ei bøn og spørsmål til samtale. Boka er soleis eigna til samtale i grupper.

Den norske kyrkja og fleire organisasjonar står bak boka, og den kan bestilast gratis frå www.kirken.no/materiell. Boka ligg og tilgjengeleg på sida www.bærekraftsboka.no



Førde kyrkjjetun har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmålsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferanser osv

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. **99 15 13 07** eller fordekyrkjetun@gmail.com




Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien? Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige. Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon **40 84 54 36**.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com



Trusopplæring i Førde

STØRST AV ALT

TILBOD TIL BORN OG UNGDOM

Spiren

- Spiren er Førde kyrkjelyd sitt tilbod til dei minste, òg kalla babysong.



Spiren blir arrangert på Førde Kyrkjetun kvar **torsdag kl. 11.15**. Vi syng saman og legg vekt på rørsle og rytme. Målgruppa er barn frå 0 til 1 år. Ta gjerne med lunsjmat, så vi kan ete saman ca. **kl.11:45**, etter baby-songen. Det er ingen påmelding eller avgift, men vi ber om namn og alder på barnet, og namn og telefonnummer til pårørande.



Tårnstova

Under nokre av gudstenestene i Førde kyrkje inviterer vi dei minste barna til ei samling i tårnet.

Der fortel vi ei bibelforteljing og syng saman. Vi oppfordrar føresette til på å vere med barnet opp i tårnet om dei er usikre.

Søndag for alle

- eit tilbod for heile storfamilien frå 0 – 100! Velkommen til måltidsfellesskap og gudstenestefeiring! Middag på Førde kyrkjetun **kl. 16.00** og gudsteneste for små og store **kl. 17.30**.

Datoar:

- 17. januar
- 14. februar
- 14. mars
- 18. april

«Ope hus» 10–13 år

- ei uformell samling ein fredagskveld i månaden, frå kl. 18.00 til kl. 20.00, for alle barn mellom 10-13 år. Dei neste samlingane blir:

- 22. januar
- 26. februar
- 26. mars

«Lys vaken» 28. november

- Dette er eit arrangement for 11-åringar, og handlar om å vere lys vaken for Gud, verda, dei rundt oss og oss sjølve. Arrangementet er i Førde kyrkje. **Laurdag ettermiddag og kveld 28. november.**

Vi avsluttar arrangementet med **kveldsgudsteneste kl. 22.00**.

Solvang søndagsskule

- held til i gymsalen på Sunnfjord Folkehøgskule. Vi følgjer smittevernreglar og har koronatilpassa søndagsskule. Det blir difor meir organisert leik i gymsalen, og ikkje så mykje frileik som vi har hatt tidlegare.

Oppmøte frå kl. 11.00. Vi startar med kaffi og leik, før samlingsstund og formidling.

I desember blir det søndagsskule 1. og 2. søndag i advent.

Deciding

- Førde sitt tensingkor. Vi møtes i ungdomslokalet på **Førde Kyrkjetun kvar tysdag kl. 19.00**.

Deciding har medlemmer frå 14 år og oppover. Koret treng både songarar, musikarar og ungdom som er interessert i drama, dans og media. Vi legg opp til leik, moro, turar og konsertar/framføring, der målsetjinga er å skape eit trygt og uformelt ungdomsmiljø, leia av ungdom, men med ein eller fleire vaksne til stades.

Deciding vil gjerne ha fleire medlemmer, så likar du leik og leven, song og musikk, så kom å bli med!



Julekort frå 50-talet.

Korskulen i Førde kyrkje

Korskulen har fire kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tirsdag:

- Knøttekor (ca. 3,5 år til ca. 5 år)
kl. 17.00 – 17.40
- Aspirantkor (ca. 5,5 år – 2. klasse)
kl. 17.50 – 18.40
- Jentekor (3. klasse og oppover)
kl. 18.50 – 19.50
- Ungdomskor (frå 7. klasse og oppover)
kl. 20.00 – 21.00

Kora syng på gudstenester, Førde omsorgsenter, og held konsertar.

Har du lyst å bli med? Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson: gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no, eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje»

Kontingent per semester er: Kr. 150,- i Knøttekoret og kr. 200,- i Aspirant og Jentekoret.

Har vedteke ny gudstenesteordning

I Førde sokn og Holsen og Haukedalen sokn har ein i løpet av oktober månad hatt soknemøter og soknerådsmøter der ein har handsama og vedteke ny ordning for hovudgudstenesta og ny liturgisk musikk. Vedtaka vert no sendt til prosten i Sunnfjord, og om alt går etter planen, så tek vi i bruk den nye ordninga og musikken frå fyrste sundag i advent 2020. Sjølve gudstenesta er ikkje mykje endra, men ein del av musikken er altså heilt ny. Det vert nok litt framand i starten, men vi som har sunge på dei nye melodiane ein stund no har allereie vorte glade i dei og vi trur at kyrkjelydane og vil ha glede av det nye som kjem.

Ingvald Andersen Frøyen

Sokneprest i Førde, Holsen og Haukedalen

FARGERIKE
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKLJEDE

Førde Fargehandel %

Tlf. 57 82 99 50
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

ALT I ● SPORTSKLEDE
● SPORTSUTSTYR
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport
INTERSPORT
Førde

Hus og kjøkken
– din leverandør i Sogn og Fjordane

Gravdalgruppa
Tlf. 57 72 17 00 – www.gravdal.no

Astrid
Blomster

Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05
astrid.blomster@interflora.no

GUDSTENESTER

NB! Påmelding til julegudstenester! Sjå informasjon på s. 4.

Det blir tatt omsyn til koronasituasjonen, slik at det skal vere trygt å gå til kyrkje.

Møt opp i god tid, hald avstand og ta omsyn til andre. Er du sjuk, må du halde deg heime.

1. SØNDAG I ADVENT 29. NOVEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje kl. 19.00 Lysmesse

SØNDAG 6. DESEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje kl. 11.00 Lysmesse
Haukedalen kyrkje kl. 14.00 Lysmesse og skulegudsteneste
Vevring kyrkje kl. 16.00 Lysmesse og konsert

SØNDAG 13 DESEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

FREDAG 18. DESEMBER

Førde kyrkje kl. 12.00 Juleavslutning med ressurscenteret

SØNDAG 20. DESEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

24. DESEMBER JULAFTAN

Førde kyrkje kl. 12.00 Julegudsteneste for småbarnsfamiliar
Førde kyrkje kl. 14.00 Julegudsteneste
Førde kyrkje kl. 16.00 Julegudsteneste
Haukedalen kyrkje kl. 11.30 Julegudsteneste
Haukedalen kyrkje kl. 12.30 Julegudsteneste
Holsen kyrkje kl. 14.00 Julegudsteneste
Naustdal kyrkje kl. 12.00 Julegudsteneste for småbarnsfamiliar
Naustdal kyrkje kl. 16.00 Julegudsteneste
Vevring kyrkje kl. 14.00 Julegudsteneste

25. DESEMBER 1. JULEDAG

Førde kyrkje kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste
Naustdal kyrkje kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste

26. DESEMBER 2. JULEDAG

Holsen kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste

SØNDAG 27. DESEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

NYÅRS DAG 1. JANUAR

Haukedalen kyrkje kl. 12.00 Takke- og minnegudsteneste

SØNDAG 3. JANUAR

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Minnegudsteneste
Naustdal kyrkje kl. 13.00 Dåpsgudsteneste

SØNDAG 10. JANUAR

Førde kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste med «Kode B»
Holsen kyrkje kl. 11.00 Minnegudsteneste
Vevring kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 17. JANUAR

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje kl. 17.30 Familiegudsteneste «Søndag for alle»
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste med Tårnagentar

TORS DAG 21. JANUAR

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

SØNDAG 24. JANUAR

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje kl. 15.00 Gudsteneste

SØNDAG 31. JANUAR

SÅMANNSSUNDAGEN

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje kl. 13.00 Dåpsgudsteneste
Vevring kyrkje kl. 15.00 Temagudsteneste Misjon. Konfirmentar deltek.
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Temagudsteneste Misjon. Konfirmentar deltek.

KYRKJESKYSS TIL FØRDE KYRKJE

Treng du skyss for å komme deg til kyrkje?

3. januar kl. 11.00	Per Ingolv Nygård	Tlf. 91819561
24. januar kl. 11.00	Gunnar Johannessen	Tlf. 91727191
7. februar kl. 11.00	Elin og Gunnar Flatland	Tlf. 90850245/91301371
21. februar kl. 11.00	Per Ingolf Nygård	Tlf. 91819561
14. mars kl. 11.00	Gunnar Johannessen	Tlf. 91727191
21. mars kl. 11.00	Elin og Gunnar Flatland	Tlf. 90850245/91301371

DET KAN BLI ENDRINGAR

Følg med i Firda og
www.sunnfjordkyrkja.no

**SØNDAG 7. FEBRUAR
KRISTI FORKLÅRINGS DAG**

Førde kyrkje kl. 11.00 Familiegudstene-
 neste
 Holsen kyrkje kl. 15.00 Gudsteneste

**SØNDAG 14. FEBRUAR
FASTELAVNSSUNDAG**

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
 Førde kyrkje kl. 17.30 Familiegudsteneste
 «Søndag for alle»
 Naustdal kyrkje kl. 16.00 Syng ilag for
 små og store.

ASKEONSDAG 17. FEBRUAR

Førde kyrkje kl. 19.00 Kveldsgudsteneste
 Naustdal kyrkje kl. 19.00 Kveldsgudsteneste

SØNDAG 21. FEBRUAR

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
 Haukedalen kyrkje kl. 15.00 Gudsteneste
 Vevring kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 28. FEBRUAR

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
 Førde kyrkje kl. 13.00 Dåps gudsteneste
 Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 7. MARS

Førde kyrkje kl. 11.00 Familiegudstene-
 neste. Utdeling av 4-års bok
 Holsen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 14. MARS

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
 Førde kyrkje kl. 17.30 Familiegudsteneste
 «Søndag for alle»
 Vevring kyrkje kl. 11.00 Leirgudsteneste/
 familiegudsteneste
 Naustdal kyrkje kl. 19.00 Kveldsgudsteneste

TORS DAG 18. MARS

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

SØNDAG 21. MARS**MARIA BODSKAPSDAG**

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
 Førde kyrkje kl. 18.00 Temagudsteneste
 for konfirmantar
 Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

Sidan sist:

DØYPTE**FØRDE KYRKJE**

22.03 Erling Fonn Macsik
 30.08 Aksel Aas Bjørset
 20.09 Olav Nikolai Wergeland
 27.09 Cassandra Hauge Atterås
 Daniel Hårklau Flugheim
 Kiara Isabella Perales Kjenes
 04.10 Benjamin Humblen Stølen
 Elida Hellevang Fuglestrand
 Kristian Holvik Kusslid
 Tomine Berg Aasen
 11.10 Erik Bakke
 Julian Williams Herstad
 Liam Nilsen Tytingvåg
 Sofia Tefre Holsæter
 25.10 Izabelle Liseter Solvik
 Magne Grønningsæter Aase
 Oline Sofie Sønnervik Bruland
 Olivia Akse Eide

NAUSTDAL KYRKJE

06.09 Olai Eilertsen Wiik
 Carmen Gjengedal Vergara
 11.10 Emil Lunde Slettehaug
 Marius Mullen Høivik
 18.10 Emma Via Strømsnes

VIGDE**FØRDE KYRKJE**

29.08 Camilla Leknes Øvretvedt
 og Odd Helge Raftevold

GRAVFERD**FØRDE KYRKJE**

11.09	Anders Myklebust	f. 1928
15.09	Agnes Bjørbæk	f. 1922
19.09	Jon Lavoll	f. 1944
01.10	Anny Eldbjørg Etterlid	f. 1947
02.10	Per Magn Vidar Vatne	f. 1950
09.10	Aslaug Indrebø	f. 1928
16.10	Norodd Ramstad	f. 1939
22.10	Jan Per Hvidsten	f. 1939
23.10	Harald Grepstad	f. 1927
27.10	Gerd Lill Finjord	f. 1930
29.10	Jostein Einar Angelshaug	f. 1950

NAUSTDAL KYRKJE

11.09	Olav Elvebakk	f. 1926
23.10	Jørgen Leif Sæle	f. 1936
27.10	Ingrid Engebø	f. 1932
29.10	Kjersti Reiakvam Vasset	f. 1936

HOLSEN KYRKJE

15.10	Norvald Gudmund Fleten	f. 1940
-------	------------------------	---------


HAUKEDALEN KYRKJE

20.10	Olaug Gjerland	f. 1925
-------	----------------	---------

**Frivillig i kyrkja?**

Det er stadig behov for fleire frivillige i kyrkjalydane til små og litt større oppgå-
 ver. Kan du tenkje deg å gje litt av tida di? Kan du vere med å halde kyrkjeskyssen
 i gong, hjelpe til på Spiren, vere tekstlesar eller vere med i besøkstenesta?

Kontakt kyrkjekontora.



Returadresse
Førde kyrkjekontor
Kyrkjevegen 23F
6809 FØRDE



Mariahelg på Alværa misjonssenter i Lavik

5.-7. mars 2021 arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar.

På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat.

Tema for helga er «Berekraft». Hanne Schnitler frå Før-

de vert med som hovudinnleiar for temaet. Hanne er tidlegare drivar av butikken «Om att». Ho har hatt engasjement for miljø, gjenbruk m.m sidan ho gjekk på vidaregåande. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgjere oss på bruk/forbruk, blant anna.

Har du spørsmål om helga og programmet, ta kontakt med Hanne Bildøy tlf 996 10 528, epost hanne@bildoys.no

Kyrkje- og misjonsdag på Alværa

Laurdag 9. januar 2021 kl. 10-16

Trass i at vi framleis må ta mykje omsyn til at vi lever med ein pandemi, planlegg vi også i år kyrkje- og misjonsdag på Alværa leirstad i Lavik.

Alværa har store og gode lokalitetar som gjer at vi kan sitje med forsvarleg avstand og følgje smittevernråd elles.

I nærare 20 år har vi byrja året med inspirasjonssamling for kyrkjelydane i området. Vi er mange som har erfaring med at det å samlast frå eit større område gir nye idear og eit gjevande fellesskap. Kyrkje- og misjonsdagen kan sjåast som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar. Du er velkommen til å komme med synspunkt, eller berre lytte og ta imot.

I år vil Geir Sørebo, Ole Agnar Helland og Trygve Toft-Eriksen frå NMS vere med i opplegget. Vi satsar

på aktuelt tema som går inn i den situasjonen vi er i med ein verdsvid pandemi, og korleis nye møteplassar gjennom internett kan bli til hjelp i nærmiljø og i den verdsvide kyrkja. Gjennom dagen vil vi syngje songar frå ulike delar av verda, og avslutta med gudsteneste kl. 14.30. Etter gudstenesta er det kaffi.

Det er påmelding til Alværa, tlf. 489 90 661 eller 916 89 459 (Toril Lange). Programmet vil bli lagt ut på facebook-sidene til Alværa og NMS Bjørgvin i desember, men meld deg gjerne på allereie no. Slik koronasituasjonen er i dag, set vi eit tak på 40 deltakarar. Hjarteleg velkommen!

*Områdeutvalet
i NMS Ytre Sogn*

Hugsa du bladpengane?

Kjære lesar!

Det er ikkje for seint å betale bladpengar for 2020!

Bladpengane på kr. 275,- er frivillig. Dersom du vil gje ei gåve utover dette, er vi er takksame for det.

Bladpengane går til å dekke kostnader til formgjeving, trykking og utsending av bladet. Det ligg mykje arbeid bak kvart nummer, og det meste er gjort på dugnad. Bladet vert sendt til alle husstandar i det som var kommunane Førde og Naustdal.

Med helsing styret for Helg og Heim

BLADPENGAR
KR. 275,-

BANKKONTO:
3705.15.33896

Merk innbetaling med Helg og Heim.

VIPPSNR. 591 431
Helg og Heim kyrkjelydsblad